

## Begge barnehagane scorar over snittet på foreldreundersøking.

19.02.2018



Dønhaug Gardsbarnehage scorar 4,8 av 5 på foreldreundersøking gjennomført av Utdanningsdirektoratet.

**Både Dønhaug Gardsbarnehage og Uskedalen barnehage scorar over snittet på foreldreundersøking gjennomført av Utdanningsdirektoratet. Foreldra vart mellom anna spurde om kor nøgde dei var med ute- og innemiljø, trivsel og utvikling hjå barnet. Topp score er 5 og Dønhaug Gardsbarnehage kjem best ut av to barnehagar i Uskedalen med ein karakter på 4,8. Uskedalen barnehage kjem ut med 4,3. Hatlestrand barnehage og Mauranger barnehage toppar lista med karakteren 5.**

Uskedalen.no har bedd om kommentar frå barnehagane på undersøkinga.



Uskedalen barnehage er nøgd med karakteren 4,3. Barnehagen er merksam på kva som dreg resultatet ned.

Helene Huse Bjørnebøle i Gardsbarnehagen er godt nøgd og set stor pris på det høge talet 4,8 av totalt 5 oppnåeleg. Å byggja gode relasjonar til alle borna der trivsel vert vektlagd er truleg det viktigaste ein jobbar med i barnehagen. Resultatet syner at foreldra set pris på arbeidet og synst Gardsbarnehagen er ein god plass for borna å vera. Arbeidet vidare må ha fokus på det ein er sterk på, men ein må også finna fram til forbetringar der det trengst.

Verksemdleiar i Uskedalen barnehage, Ann Irene Sæle, er nøgd med resultatet så lenge ein scorar over snittet på nasjonalt plan. Barnehagen har tiltaksplan for å sikra god kvalitet på tilbodet og rett progresjon i arbeidet. Sæle har merka seg låg scor på leiker og uteareal. Barnehagen er 40 år og mykje av utstyret er ikkje fornya grunna stram økonomi.

Mattilbodet med smørjemat, frukost og frukt ein dag i veka er i minste laget. Jamvel om barnehagen har frukt og mjølk kvar dag, ynskjer foreldra smørjemat fleire dagar enn det ein har no. Personalsituasjonen i barnehagen set grenser for kor ofte ein kan ha dette mattilbodet.

Totalt er 14 barnehagar i Kvinnherad med i undersøkinga. Fem av dei er i private.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal